

Pilegrimsleia

Oppdal kommune



Pilegrimsleia



Utgitt av
 Oppdal kommune i samarbeid med
 Sør-Trøndelag fylkeskommune,
 divisjon næring samferdsel og kultur

Foto side 5: Fjellanger Widerøe A/s

Sats og trykk:
 Wennbergs Trykkeri AS

ISBN: 82-994284-0-8

Redaksjon:
 Kjell Haugland
 Ola P. Hoel
 Odd Magnar Vognild
 Johan Fredrik Dahle
 Oppdal 1997



Riksanstikvaren



Direktoratet for naturforvaltning

Februar 1997

Prosjekt Pilegrimsleden

En innledning av Mari Kollandsrud, informasjonsleder

Prosjekt Pilegrimsleden kom i gang på initiativ fra Miljøverndepartementet, som høsten 1992 ga Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren i oppgave å legge til rette for vandring langs de gamle pilegrimsledene mot Nidaros. Blant de mange veger som førte til det hellige reisemål, har man valgt å satse på leden fra Oslo gjennom Gudbrandsdalen over Dovrefjell med tilknytning av strekningen Hamar - Øyer, og fra grensen mot Jämtland over Stiklestad. Til sammen utgjør den merkte leden ca. 93 mil.

De to direktoratene samarbeider om å legge til rette for (et) friluftsliv som kombinerer natur- og kulturopplevelser, samtidig som grunnlaget legges for et reiseliv rettet mot slike kvaliteter. Vi ønsker at dagens vandrere skal få et innblikk i og opplevelse av pilegrimsferdenes historiske og åndelige tradisjon. Prosjektet bidrar til å tilføre friluftslivet nye og uvante opplevelser som stemmer sinnet til ettertanke.

På pilegrimsvandring

Ikke lenge etter at helgenkongen Olav Haraldsson falt i slaget ved Stiklestad i 1030, ble Nidaros målet for dem som søkte sjelebot ved hans grav. Olav den hellige ble vår skytshelgen, og hans ry strakte seg langt ut over landets grenser. Langs stier og vegfar, gjennom ulendt terreng og høyt til fjells tok folk seg fram til Kristkirken, der skrinet med hans levninger ble oppbevart. Pilegrimsvandringene fikk et stort omfang og varte helt fram til reformasjonen i 1537 - kanskje enda lenger.

Vi kan i dag ikke alltid med sikker-

het si hvor middelalderens pilegrimer vandret. Vegene de fulgte var samtidens ferdselsveger, hvor det tidlig var en livlig trafikk. I de dalfører som først ble bebygget, gikk allmannavegen oppe i dalsiden mellom de eldste og største gårdene og fulgte ellers åser og tørre rygger. Dalbunner og våtlandt mark ble helst unngått. Vegen var innrettet for gående og ridende. Den tok lite hensyn til stigningsforhold, var målrettet og krysset myrer og andre hindringer framfor å ta omveger.

I bratt terreng førte trafikken og rennende vann til at det oppløste jordsmonnet rant unna og det oppsto et tydelig søkk - en hulvei. I våtlandt mark ble det lagt ned et dekke med stokker, kalt kavlebru eller klopplegging.

Pilegrimene holdt gjerne sammen i reisefølger, til hjelp og vern for hverandre. Dagsmarsjen kunne strekke seg til tre mil for den som orket å gå så langt. Langs den lange og strabasiøse vegen lurte mange farere, i form av ransmenn og ville dyr. Men også onde makter, tusser og troll, sykdom og nød var trusler den vandrende kunne bli utsatt for.

Vegen var inndelt i «roster» på 8-10 kilometer. Langs vegen fantes vertshus og herberger, kanskje ved omtrent hvert annet hvilested. De eldste overnattingsstedene var de enkle, selvbetjente sælehusene. Sammen med andaktskors, pilegrimskapeller, hellige kilder og andre markeringer langs vegen, er slike innretninger i dag skjult i det dunkle. Men tradisjonene om dem har mange steder overlevd og er levende den dag i dag.

Gjennom århundrene som er gått siden pilegrimstrafikken tok slutt, er de gamle vegfarene ofte erstattet av nyere vegsystemer, terrenget er blitt oppdyrket eller sporene er grodd

igjen. Det har vært nødvendig å rette seg etter de endringer som har skjedd, men landskapet pilegrimene vandret i er fortsatt hovedsakelig det samme.

Tilretteleggingen av dagens pilegrimsled har som mål å gi vår tids vandrer et bilde av hva middelalderens pilegrim opplevde på sin ferd mot Nidaros. Ferden går gjennom skog og åpne landskap, og langs dokumenterte vegfar når disse lar seg bruke. Pilegrimsleden bindes sammen av stedsnavn, minner med religiøs innhold og minner om Olav den helliges liv og virke.

Langs leden lå det allerede i middelalderen vitnesbyrd om tidligere generasjoners bosetning i form av gravhauger og boplasser fra førkristen tid. Etter at pilegrimsvandringene opphørte er det kommet til nyere kulturminner som ikke eksisterte i middelalderen. For dagens vandrer vil også disse ha interesse. Slike kulturminner er avmerket på kartet og beskrevet. Likeledes er spesielle land-

skapsopplevelser og naturforekomster tatt med. På den måten vil vandringen få et innhold som spenner over flere tusen års historie, der minnene knyttet til pilegrimstradisjonen vil få en spesiell betydning.

Som vegvisere for dagens pilegrim er leden merket med enkle trestolper. Disse er satt opp på de steder der leden skifter retning og ved severdigheter som er nærmere forklart i veilederen. På stolper som markerer minner knyttet til middelalderen og pilegrimstradisjonen er det festet en støpejernsplate med pilegrimssymbolet. Andre minner som vil være av interesse for vandreren er markert med stolpe uten symbol. Mellom disse stolpene er det satt opp merkepinner som skal forsikre deg om at du er på rett veg. I hver kommune er det også satt opp en milestein som forteller hvor langt det er igjen til Trondheim og Nidarosdomen - det endelige mål for turen. Vi håper ferden vil gi deg verdifulle opplevelser og ønsker god tur.

Velkommen til Oppdal


Kjære vandrar!


Denne brosjyren er laga for å fortelje deg litt om kva du kan sjå og oppleve langs pilegrimsleia gjennom Oppdal. Romartala i teksten viser til stolpane som er sette opp ved leia. Dei er også avmerka på kartet i brosjyren. God tur!



OPPDAL







En Port paa Dovre Field
 som skiller det Nordenfielcke fra Syndenfielcke

Slik såg porten ut i 1775 - teikna av Gerhard Schøning. «En Port paa Dovre Field som skiller det Nordenfielcke fra Syndenfielcke.»

I. Porten ved Kongevegen

Grensa mellom Sør-Trøndelag og Oppland fylke - og mellom det sønna- og det nordafjelske Norge - har vore markert på forskjellige måtar gjennom tidene. I 1648 stod ein kross her, i 1704 ein æresport for Fredrik 4. Gerhard Schøning skriv i 1775: «Her maa da i ældre tider have staaet et Taarn eller et Kors. Siden haver her staaet en Port.» Langt inn i vårt hundreår bruka oppdalingane å kalle denne staden Porten.

Tidleg på 1100-talet sørgde kongen for at det vart bygd sælehus på Hjerkin, der vegfarande kunne ta inn. Det meste av ferdsla må alt den gongen ha gått her over Hjerkinnhøa. Det blir fortalt i Sverresoga: «Birkebeinane kom over Oppdalsskogen og stemnde til fjells, og da dei kom til Hjerkin, da kom kong Sverre imot dei aust frå Vika.» Dette var i 1182.

Kongevegen var hovudferdselsåra over Dovrefjell, heilt fram til 1874. Da vart vegen lagt rett vest for Hjersegavlen, der E6 går i dag.

Området vi ser framfor oss: nordsida av Hjerkinnhøa, har vore eit svært viktig matkammer gjennom tusenvis av år. Det viser dei mange hundre dyregraver som ligg i området Kvitdalen-Gåvålia-Grønbakken. Her har det vore stor aktivitet i eldre tid. Det måtte mykje folk til for å grave ut dyregravene og sette dei i stand til fangst. Og når reinflokkane kom, vart det hektisk med slakting og frakting av kjøt og skinn. - I seinare tid, etter at heimejorda og liene i Drivdalen var teke i bruk til slåtteland, vart det sanka og kjørt heim mykje mose frå dette området. Den nytta dei som tilskotsfôr.

Namnet Gåvålia har vore forklart som «den som gjev, den gavmilde».


II. Jøroskloppa

Den gamle kongevegen gjekk nordover der E6 går i dag. Ved Toftesletta, som ligg litt lenger nord, har det vore gjort funn av knivar, pilespissar, sverd og graver - truleg spor etter ferdafolk.

For å komme unna trafikken på E6, svingar vi no austover etter ein stig som er merka av Turistforeningen fram til Kongsvold fjellstue. Stigen svingar nordover der han møter den gamle setervegen frå Gåvålisetra. Gåvålivatnet og eit engstykke, der det seinare vart bygt seter, vart tillagt fjellstua i 1671.

I aust har vi no Knutshøene (1690 m), som har vore kjent i fleire hundre år som Nord-Europas rikaste plante-fjell. Og rundt oss, mellom Knutshøene, Gåvålia og Hjerkinnhø, har det vore eit svært godt rypefjell. Her har det vore arrangert jaktprøver heilt frå 1917 og fram til i dag. Eit Mekka for hundejakt, der dei beste fuglehundane i landet konkurrerer om dei gjævaste trofea i denne sporten!

Slik skal Jøroskloppa ha sett ut, den gamle brua på Kongevegen om lag der vi står no.



Gammel stenklopp i Ørindalen

III. Kongsvold fjellstue

Dette er den einaste fjellstua på Dovrefjell som Staten eig i dag. Ho har stått til teneste for ferdafolk kontinuerleg heilt sidan slutten av 1600-talet.

Litt før jul i 1718 vart alle fjellstue-ne på Dovrefjell brende for å stanse ei svensk militæravdeling, leia av generaløyntant Carl Gustaf Armfeldt, som rykte inn i Trøndelag og tok seg fram sørover til Oppdal. Da svenskanne oppdaga at fjellstue-ne var nedbrende og Dovrefjell utan husvære, snudde dei sør for Drivstua. Sidan fekk dei ein tragisk heimtur over Tydalsfjella. Skadeoppgjeret etter nedbrenninga viser at det alt den gongen var mange hus på Kongsvold - 25 totalt. Blant anna var det ein stor hestetall i tre tømmerlengder.

Heilt sidan den første faglærte botanikaren kom til Kongsvold i 1756 har fjellstua trekt til seg planteinteresserte frå inn- og utland. Det vart samla så mye planter her at styresmaktene greip inn og freda plantelivet i 1911. Dette var første vernet i det området som i 1974 fekk status som Dovrefjell nasjonalpark.

I dag driv Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet i Trondheim *Kongsvoll biologiske stasjon*, som mellom anna har ansvaret for den fjellhagen vi har rundt oss her. Hagen vart bygd opp av botanikaren Thekla R. Resvoll i 1923. Han låg da ved jernbanestasjonen, men vart flytta hit i 1990. Her ligg forholda betre til rette for å gje dei ulike plantesamfunna riktig miljø.

Elles driv Kongsvold fjellstue tradisjonell fjellstuedrift, med vegkro i tradisjonsprega atmosfære og med utstilling av mange antikvitetar frå Kongsvolds historie. I vegkroa finn vi også ei informasjonsavdeling, som viser natur og kultur, fauna og flora i Dovrefjell nasjonalpark og i Drivdalen, Kongsvoll og Hjerkin land- skapsvernområde.

Kongsvold fjellstue midt i 1870-åra, fotografert av Knud Knudsen. Noen år seinare vart fjellstua ombygd til eit moderne turisthotell og fekk ein ganske annleis utsjånad. (Foto frå Universitetsbiblioteket i Bergen.)

IV. Vårstigen

Fram til ca. 1710 stod fjellstua i dette området, som no blir kalla Gammel- holet. Det offisielle namnet den gong- en var Hullet. Dette verset stod på ei tavle i Hullet i 1704:

*Naar andre mun leede
i Heede og Kulde at finde et Hul.
Da tack du den Bunde
om ickun de kunde
for Frøsen og Kuld
faa Plads i hans Hul.*

Etter eit jordras vart fjellstua flytta sørover dit ho står i dag, og fekk namnet Kongsvolden. Dette namnet er knytt til kong Fredrik 4.

Nordover her blir dalen trong, og når elva gjekk stor, for eksempel i vårflaumen, var det uframkomeleg nedover Drivdalen. Da måtte dei opp i lia og bruke *Vårstigen* for å kome fram. Terrenget er bratt og berglendt, noe som gjorde *Vårstigen* både kjend og berykta. I 1704 vart det gjort stor- arbeid på vegen for å få han farbar med vogn. Da skulle Fredrik 4. med




stort følge reise over Dovrefjell. Slik fungerte Vårstigen som del av hovedvegen mellom det sønna- og det nordafjelske Norge like fram til 1850-åra, men på slutten vart han karakterisert som «det misligste Hovedveistykke i hele Riget».

Halvannen kilometer nord for Gammelholet har vi ei olavssegn om «Trollkjerka», eit stort berg med høg topp som står tett ved E6 - så nær at det nok var namnet og segna som berga det frå sprenging da vegen vart utvida for noen år sidan. Ein versjon av segna lyder slik, i stuttform:

Etter å ha kristna Trøndelag, var Heilag-Olav med sine menn på veg gjennom Drivdalen. I fjella bak Drivkollen rådde jotunen Sjøg, og han sende eit forferdeleg snøver mot kongsfølget. Kongen gjorde krossteiknet imot snødrevet og sa: «Vel er du ein drivdal, men heretter skal du ikkje driva imot, men med.» Såleis fekk Driv-

dalen sitt namn. - Men Sjøg oppe i fjellkammen vart rasande og heiv to store kampesteinar ned mot kongen og følget hans. Da lyfta kong Olav berre armen, kampesteinane dala sakte ned og kongen og hans menn drog uhindra over fjellet. Men Sjøg stivna til stein. Etter den store snøkappa hans har kammen han sat på, fått namnet Snøhetta. - Komen opp på Dovrefjell, mellom Hjerkinnhø og Skriuhø, vende kongen seg, såg ned i Drivdalen og spådde: Her vi dreg no, skal det ein gong gå ein veg så brei at åtte hestar kan renne jamsides. Etter den vegen vil mange kongar fara.

Trollkjerka, slik ho er framstilt i «Skilling-Magazin» i 1866. Teiknaren har tillette seg å profilere steinen slik at han kan minne om eit menneskehovud.



Skilling-Magazin i Trondheim.

Ved skiferbrota 16 kilometer lenger nord i dalen har vi «Sankt-Olabergje». Der er det merke i bratte fjellveggen etter hestehovar frå den tid Heilag-Olav for der.

I dag er biltrafikken gjennom dalen for stor til at vegen kan brukast av pilegrimar til fots. Derfor tek vi Vårstigen opp på fjellet og følgjer den gamle pilegrimsleia langs Elgsjøtangen og ned gjennom Vinstradalen. Vårstigen kan vi lesa om på plakatar langs vegen.

Frå Tingsvaet sør i Vårstigen er det store sjansar for å sjå moskus på vestsida av Drivdalen.

V. Vårstigåa

Etter å ha passert brua over Vårstigåa tek vi av mot aust og kjem inn på den gamle setervegen til Vollasetra og Vårstigetrene. Litt innafør tregrensa går vegen forbi to graver frå jernalderen (på høgre sida). Dei tyder på at denne vegleia har vore bruka også i forhistorisk tid.

VI. Haugtjønnene

Her har vi tydelege spor etter ferdsel nordover høgste fjellet. Langs vegleia er det røyser og vardar. Leia er markert på kartet, men er ikkje merka i terrenget. Dette var ein lett veg når veret var godt, men i skodde og uver kunne den vegfarande miste leia. Vinstradalen var tryggare. Pilegrimar og andre reisande i mellomalderen har bruka tre vegleier: Drivdalen, Vinstradalen og leia frametter Risberget. Pilegrimsleia no er merka gjennom Vinstradalen.

Det var truleg i desse traktene at

Håkon Magnusson Toresfostre vart sjuk og døydde etter å ha jakta på ei rype da han var her i år 1094. Han vart ført nordover og gravlagd i Kristkyrkja i Nidaros. Vi finn namnet hans på ei minnetavle over gravlagde kongar i ein gotisk altarnisje i Nidarosdomen. Det var kanskje også her dronning Margareta mista leia og kom ned i ein dal i 1388. Dalen heiter den dag i dag Drotningdalen.

Det var ikkje berre pilegrimar som måtte ta seg fram over Dovrefjell. Med kongemakta i Danmark, erkebispestolen i Nidaros og maktkamp mellom stormenn av forskjellig slag måtte det bli ferdsel av sendemenn og andre i administrative og politiske ærend.

Når vi tek leia nordover til Vinstradalen, har vi Elgsjøtangen til høgre og Drotningdalen til venstre.

VII. Ryin

Her svingar vi ned i Vinstradalen - ein god seterdal, som har vore mye bruka både til tradisjonell seterdrift og til sauebeite. For bøndene i Drivdalen er dalen no som før ein verdifull ressurs. Sterk beitebruk og kalkrike bergartar har skapt kulturlandskap av høg kvalitet, med eit rikt planteliv. Vinstradalen er eitt av dei 13 områda i Sør-Trøndelag som har fått status 1. klasse i prosjektet «Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap».

Dei første setrene vi kjem til, er Ryphusan, som ligg på området til Oppdal Bygdealmening. Området her var bygsla og brukt til driftefe på 1700-talet, setrene kom tidleg i det neste hundreåret. Dei vart drivne fram til 1970-åra. I dag er dette eit godt og ettertrakta sauebeite.



Farbregdsetra i 1930-åra - no refugium for trøytt vandrarar.

VIII. Ryphusan

I samband med Prosjekt pilegrimsleden er ein del av fjøset på Farbregdsetra, som ligg nærast vegen, sett i stand som kvilestad for trøytt vandrarar. Her kan ein få tak over hovudet, og her er det råd for å kvile og lage seg mat. Det er madrassar for dei som vil overnatte, men sovepose må ein halde kvar åt seg. Tilbodet er basert på sjølvbetjening - reglar er oppslått.

Frå Ryphusom og ned til Driva, der ein også kan skaffe seg overnatting, er det ca. 15 kilometer.


IX. Brustølen


Brustølen er dei eldste setrene i Vinstradalen. Den første bygselen er frå 1657 og gjeld «engeslettet Brustølen», som da vart bygsla av eit par Rise-gardar. Støl-namnet kan tyde på

at området har vore bruka til ei eller anna form for setring alt i mellomalderen, før svartedauen kom og la Oppdal nesten øde. Så vart seterdrifta teke opp att da nedgangstida var over.

Det har i alt vore sju setrer langs Brustølen, og fleire av dei vart bruka like til i 1980-åra. Ei av setrene er no restaurert, og det er planar om å ta opp att tradisjonell seterdrift.

Vi tek no til venstre og går inn på ein gammal seterveg.





Vegen gjennom Vinstradalen passerer Vinstra over eit høgt juv - litt nedafor staden der pilgrimsleia tek av og går inn på ein gammal seterveg. Over juvet var det før ei såkalla «utleggarbru», lafta saman av furustokkar. Denne teikninga, som er signert Bernt Lund, stod i «Illustrert Nyhedsblad» i 1862.

X. Limstenberga

Den kalkrike berggrunnen i Austfjella har ikkje berre gjeve bøndene gode beite og botanikarane interessante plantesamfunn. Han gav også råstoff til framstilling av kalk. Dei tok ut kalkstein i Limstenberga (limsten er det lokale ordet for kalkstein) og brende han saman med trekol i oppmura ømnar. Kalken vart sidan leska

og bruka til bindemiddel i murar - før sementen kom. Det var neppe tale om nokon stor produksjon, men det gjekk nok med ein god del kalk til murpiper, lysomnar (peisar) og fjøsmurar i Drivdalen.

Ca. 800 meter lenger nord, like ved stigen, er det avdekt ein gammal kalkkonn som viser korleis dei med primitive middel fekk kalken brukbar.

XIII. Lo

Grenda nord for Vinstra heiter Lo - eit eldgammalt namn. Ein gong ved midten av 1200-talet let Håkon Håkons-son byggje veitslehall' og kapell her. Det same gjorde han sønna fjellet, på garden Tofte på Dovre. Midt imellom, på Hjerkin, var det sælehus og kapell. Vi ser eit mønster her: Herberga og gudshusa, som låg i ein avstand på kring ei dagsreise frå einannan, skulle tene ferdsla over fjellet generelt og pilegrimane spesielt.

På Lo er det tradisjon for at kyrkja stod i bakken aust for jernbanestasjonen.

XIV. Gisingran

Garden Gisingran har i mange hundre år vore med og tent ferdsla over Dovrefjell.

I 1270 kom kong Magnus Lagabøte med tiltak som skulle gje tryggare ferdsel over Dovrefjell. Drivstua fjellstue vart da tillagt gods og eige-dom som skulle sette fjellstuemannen i stand til å hjelpe ferdefolk med husly, mat og drikke og utrusting når dei for vidare. Her blir nemnt Gisingran, som skulle vere avlsgard (for å produsere korn først og fremst), fiskevatnet Elgsjøen og «inventarium»: ein hest, to oksar, ein koparkjel, ei gryte - og sist, men ikkje minst: halvtanna pund korn årleg frå kvar gard i Oppdal, Rennebu og i nordluten av Gudbrandsdalen.

Dette var eit krafttak for å sette Drivstua i stand - kanskje med tanke på å få meir av ferdsla ned frå fjellet og fram gjennom Drivdalen. Korntollen var ei plikt som gardane måtte stri med heilt fram til 1845, da den vart avløyst med pengar frå Staten.

Garden Gisingran låg under fjellstua fram til slutten av 1800-talet.

XV. Krossvegen

Her kryssar pilegrimsleia E6. Staden blir kalla Krossvegen, og det har vore nemnt at namnet kan skrive seg frå pilegrimstida. Men det er nok ikkje tilfelle. Namnet skriv seg frå da nyvegen (E6 no) kom rundt 1860. Lokalt vart staden tidlegare kalla Kløftet.

XVI. Ålma

Ålma er namnet på grenda der den gamle kongevegen kryssar elva Ålma. Dette er forholdsvis ung busetnad - dei pla ikkje leggje gardane i furuskogen i dalbotnen før i tida, der jorda var skrin og frostfaren stor. I manntalet frå 1701 er det berre registrert to husmenn her. Men folk med forretningssans kunne alltid skaffe seg litt ekstraintekter frå trafikken langs kongevegen. I 1713 er det nemnt ein vertshushaldar som selde brennevin. Kanskje var det ein av husmennene?

Sidan vart det bygd sagbruk, kverner og stamphus i elva. Etter kvart utvikla Ålma seg til å bli eit slags senter i bygda. I 1833 begynte den første landhandlaren i Oppdal her, sidan kom det eit par til. Ein av dei dreiv til og med tobakksspinneri. Ved hundre-årsskiftet bygde skyttarlaget eit forsamlingshus her, og det vart straks ein populær møtestad.

Truleg hadde Ålma vore det moderne Oppdals sentrum dersom ikkje ve-gen var blitt omlagt rundt 1860, til den traseen som E6 følgjer den dag i dag. Styresmaktene ville ha ei så flat og rett veglei som muleg, og la nyvegen lenger aust. Dermed vart den gamle kongevegen her ved Ålma redusert til kyrkjeveg for drivdalingane, og det vesle senteret stagnerte. Da jernbanen kom, med stasjon på Auna i krysset mellom hovudvegen Trondheim-Oslo og hovudvegen frå Møre,

XIII. Lo

Grenda nord for Vinstra heiter Lo - eit eldgammalt namn. Ein gong ved midten av 1200-talet let Håkon Håkonsson byggje veitslehall og kapell her. Det same gjorde han sønna fjellet, på garden Tofte på Dovre. Midt imellom, på Hjerkin, var det sælehus og kapell. Vi ser eit mønster her: Herberga og gudshusa, som låg i ein avstand på kring ei dagsreise frå einannan, skulle tene ferdsla over fjellet generelt og pilegrimane spesielt.

På Lo er det tradisjon for at kyrkja stod i bakken aust for jernbanestasjonen.

XIV. Gisingran

Garden Gisingran har i mange hundre år vore med og tent ferdsla over Dovrefjell.

I 1270 kom kong Magnus Lagabøte med tiltak som skulle gje tryggare ferdsel over Dovrefjell. Drivstua fjellstue vart da tillagt gods og eigedom som skulle sette fjellstuemannen i stand til å hjelpe ferdafolk med husly, mat og drikke og utrusting når dei for vidare. Her blir nemnt Gisingran, som skulle vere avlsgard (for å produsere korn først og fremst), fiskevatnet Elgsjøen og «inventarium»: ein hest, to oksar, ein koparkjel, ei gryte - og sist, men ikkje minst: halvtanna pund korn årleg frå kvar gard i Oppdal, Rennebu og i nordluten av Gudbrandsdalen.

Dette var eit krafttak for å sette Drivstua i stand - kanskje med tanke på å få meir av ferdsla ned frå fjellet og fram gjennom Drivdalen. Korntollen var ei plikt som gardane måtte stri med heilt fram til 1845, da den vart avløyst med pengar frå Staten.

Garden Gisingran låg under fjellstua fram til slutten av 1800-talet.

XV. Krossvegen

Her kryssar pilegrimsleia E6. Staden blir kalla Krossvegen, og det har vore nemnt at namnet kan skrive seg frå pilegrimstida. Men det er nok ikkje tilfelle. Namnet skriv seg frå da nyvegen (E6 no) kom rundt 1860. Lokalt vart staden tidlegare kalla Kløftet.

XVI. Álma

Álma er namnet på grenda der den gamle kongevegen kryssar elva Álma. Dette er forholdsvis ung busetnad - dei pla ikkje leggje gardane i furskogen i dalbotnen før i tida, der jorda var skrinn og frostfaren stor. I manntalet frå 1701 er det berre registrert to husmenn her. Men folk med forretningssans kunne alltid skaffe seg litt ekstraintekter frå trafikken langs kongevegen. I 1713 er det nemnt ein vertshushaldar som selde brennevin. Kanskje var det ein av husmennene?

Sidan vart det bygd sagbruk, kverner og stamphus i elva. Etter kvart utvikla Álma seg til å bli eit slags senter i bygda. I 1833 begynte den første landhandlaren i Oppdal her, sidan kom det eit par til. Ein av dei dreiv til og med tobakksspinneri. Ved hundreårsskiftet bygde skyttarlaget eit forsamlingshus her, og det vart straks ein populær møtestad.

Truleg hadde Álma vore det moderne Oppdals sentrum dersom ikkje ve-gen var blitt omlagt rundt 1860, til den traseen som E6 følgjer den dag i dag. Styresmaktene ville ha ei så flat og rett veglei som muleg, og la nyvegen lenger aust. Dermed vart den gamle kongevegen her ved Álma redusert til kyrkjeveg for drivdalingane, og det vesle senteret stagnerte. Da jernbanen kom, med stasjon på Auna i krysset mellom hovudvegen Trondheim-Oslo og hovudvegen frå Møre,

vart Oppdal sentrum fastlagt for alle tider. Banen vart opna for drift i 1921.

Inni furuskogen her er det nyleg bygd opp ein miljøstasjon, som skal ta seg av dei store avfallsmengdene som følgjer med den moderne levemåten. Den gamle pilegrimen ville kanskje ha stilt seg noe undrande til vår glede over å forbruke?

Her vi no står, i *Galgtrøa*, vart i si tid dødsdømde oppdalingar avretta. Siste gong dette skjedde, var i 1733, da Eli Stenboeng frå Storalidalen vart halshoggen fordi ho hadde fødd eit barn i dølgsmål og teke livet av det. Eit dystert minne frå ei tid med lite hjelp for dei hjelpelause!

XVII. Gravfeltet på Vang

Vi er no komne til det største gravfeltet i Norge frå heiden tid. Jernalder-samfunnet i Oppdal hadde tre fellesgravfelt: på Rise, for gardane i Drivdalen, på Vang, for dei sentrale delane av bygda og ved Strand for Lønsetområdet. Mens felta på Rise og Strand er meir eller mindre øydelagde av oppdyrking i seinare tid, har gravfeltet her på Vang berga bra. Mange av gravhaugane ber spor etter graving, stort sett utført av antikvitetsjegerar og nysgjerrige på 1800-talet, men elles har lite endra seg sidan den tid gravfeltet var i bruk.

Det er registrert meir enn 750 gravhaugar her, og ein stor del av dei skriv seg frå vikingtida. Men det finst også graver under flat mark, frå eldre jernalder, og dei er meir eller mindre usynlege i dag. Kanskje kan det vere fleire hundre slike graver? Berre omfattande arkeologiske undersøkingar vil kunne gje eit tilnærma rett bilde av kor mange som gjennom tidene er blitt gravlagde her. Det vi veit, er at feltet har vore bruka i minst sju hun-

dre år, truleg av opptil 40 gardar. Etter alt å dømme har kvar gard hatt sitt eige gravleggingsområde.

I seinare år har arkeologen Oddmunn Farbregd gjort ei rekke utgravingar som kastar lys både over gravferdsskikkar og levekåra i Oppdal i forhistorisk tid. Mye tyder på at dette var eit forholdsvis velstående bondesamfunn, og det er ikkje urimeleg å tru at dei store viltressursane i utmark og fjell har vore grunnlag for rikdom. I gravene er funne kostbare sverd frå Kontinentet, saman med mange gjenstandar som skriv seg frå den kristne kulturen på Dei britiske øyane. Så det er ingen grunn til å tru at bøndene her oppe i fjellbygda levde i isolasjon frå omverda, utan kulturimpulsar utanfrå.

Det er laga ein tursti gjennom gravfeltet, med informasjonstavler som i tekst og bilde fortel meir om Vangfeltet og gravferdsskikkane. Ønskjer du enda meir kunnskap om Vang, bør du skaffe deg heftet «Vikingtidsfunn på Vang». Dei seinare åra har det vore faste guidar knytte til feltet.

Inngangen til gravfeltet ligg i øvre kanten av feltet, mot aust, der det er sett opp to tømmerhus i gammal stil som blir bruka blant anna ved framføringa av spelet «I Dovre-sno», ei dramatisering av Inge Krokanns roman. Pilegrimsleia går rett gjennom feltet.



Vikingtids funn frå Vang: to sverd produserte på Kontinentet, eit forgylt bronsebeslag frå den kristne kulturen i vest - truleg Irland. (Foto: Per E. Fredriksen, Vitenskapsmuseet, NTNU.)



XVIII. Holvegen

Her går vi på den eldgamle ridevegen frå jernalderen, som trakk frå føter og skarpe hestehovar med god hjelp av rennande vatn gjennom mange hundre år senka ned i terrenget slik at det vart ein «holveg». Dette er ein bit av den gamle vegleia over Dovrefjell. Her møttest ho med vegen frå Sunddalen i vest og med vegen frå Trøndelag i nord. Det var langt frå tilfeldig at dei gamle oppdalsbøndene la gravfeltet her i vegamotet. Gravhaugar skulle liggje ved veg.


IX. Oppdal kyrkje

Da oppdalingane skifte tru ein gong i første halvparten av 1000-talet, bygde dei kyrkje noen hundre meter ovafor gravfeltet og flytte gravstaden dit. No var det slutt på likbåla, og ingen fekk lenger våpen og smykke- og prydgjenstandar med seg i døden.

Det første gudshuset var ei stavkyrkje, vigd til den engelske helgenen St. Jetmund. Denne kyrkja stod like til 1650 - da var ho blitt for lita, og ei ny vart sett opp på same tomte, i laftverk. «Maret Vang», som ho har blitt kalla, står den dag i dag.

Kyrkja har eit vakkert og kulturhistorisk verdifullt interiør i barokk stil («bruskbarokk»). Spesielt bør nemnast altartavla og preikestolen, som er laga av profesjonelle, omreisande kyrkjekunstnarar. Bak altartavla er eit lite holrom i tømmerveggen, som er dekt av ei metallplate med eit gammaldags «futtullås» (eit slags hengelås). Her gøymde oppdalingane i gammal tid kongebrev som gav dei reduksjon i skatten. Dette verdifulle privilegiet hadde bøndene fått av Riksrådet så tidleg som i 1389, og årsaka var tyngslene og pliktene som følgde med ferdsla over fjellet. Ferdafolk skulle skyssast og innlosjerast, vegar og bruer skulle haldast ved like, *korn toll* (ei avgift i form av korn) skulle betalast til fjellstuene.

Gjennom hundreåra har utan tvil mang ein pilegrim vore innom kyrkja på Vang og gått til messe her. Eit minne frå den tida er ein brodert bord frå ein messehakel, der St. Jakob den eldre - skytshelgenen til pilegrimane - er framstilt. Det var nok nærliggjande for oppdalspresten å skaffe seg messehakel med pilegrimsmotiv. Borden, som truleg er laga i Nederland rundt 1500, finst i dag ved Bergen Museum, Universitetet i Bergen.





St. Jacob den eldre - ein gong prydna på messehakelen til oppdalspresten. (Foto: Bergen Museum.)

Like ved kyrkja står Raulåna, ein toetasjes panelt tømmerbygning frå 1675. Den vart bygd av presten Hans Bernhoft, først og fremst for å gje husrom til reisande folk av det «finare» slaget. Og aller gjævast var sjølv-sagt kongen. Første kongebesøket fekk Raulåna i 1685, da Kristian 5. reiste over Dovrefjell. Sidan har ei rekke kongar vore innom her, og fleire har overnatta på *Kongesalen*.

Raulåna vart nyleg restaurert av Riksantikvaren. Her kan vi i andre etasje oppleve frodig brukbarokk på vegger og tak i *Kammeret* og ei heilt

spesiell dør i renessansestil i *Kongesalen*. *Malekammeret* og *Herrestuen* i førsteetasjen er restaurert slik romma stod ved siste hundreårsskiftet.

Den store trafikken over fjellet kunne nok opplevast som eit problem for presten. Han skulle vere gjestfri og ta vél mot dei reisande som søkte til prestegarden for å få mat og kvile, men vertsfunksjonen var både kostbar og tidkrevande. Det blir fortalt ei historie etter presten Rønnau tidleg på 1800-talet, som hadde besøk av stiftamtmann Trampe og nok ikkje tok så hjarteleg mot han som han burde ha gjort. I alle fall fann amtmanden det på sin plass å gje presten ei påminning om kristenmanns plikter: «Vet ikke presten hva Paulus sier, at en Guds tjener bør låne hus?» Rønnau svara ganske kort: «Det hadde Paulus aldri sagt, om han hadde bodd i veikanten liksom jeg!»

Ikkje minst kongebesøka måtte bli ei påkjenning for presten og folket hans i prestegarden. Da Kristian 6. gjorde si store ferd i 1733, var det eit følge på godt og vel 180 mann som overnatta på Vang - i to netter. Dei køyrde frå Tofte på Dovre til Vang på ein dag, men kom så seint fram at dei måtte ta ein kviledag hos presten - «paa det at alle ting igjen kunde komme i sin Train og Skik».



«Maret Vang», Raulåna og husa på prestegarden, teikna av J.N. Prahm i 1852.

XX. Flåtten

Frå Vang gjekk den gamle allmannvegen nordover Flåtten.

I Vangslia ovafor kyrkja er det i seinare år bygd skiheisar og andre anlegg for turisme, som visest godt i landskapet. Det er vanskeleg å unngå at det blir ein visuell kollisjon mellom desse moderne installasjonane og det gamle bygningsmiljøet på Vang.

XXI. Stenan

Den første faste legen i Oppdal, Hans M. Arentz, budde på garden Stenan, og her tok han mot helseveike pasientar utabygd frå. I 1875, i Adresseavisen, har han annonse for «Oppdals Sanatorium», og det blir sagt at dette var første kur-staden i sitt slag her i landet.

Den gamle vegen heldt fram nordover gjennom grendene Skjørstad, Sæter, Aune og Bjørndal. I dag må vi legge pilegrimsleia etter gardsvegen til Stenan ned mot riksveg 79. Den følgjer vi vidare fram til garden Sæ-

ter, der vi tek av til venstre og held fram nordover langs Gamle Kongeveg - mot Stølen Skisenter.

XXII. Skjørdøla

Elva Skjørdøla har gjennom tidene vore ein god tenar for grendene på begge sider av elva. I ei jordebok frå 1660-åra finn vi opplysningar om 12 kvernbruk mellom Håker og Bjørndal. Mange av dei har fått krafta dei trong frå Skjørdøla. Her vart male mjøl til tallause grautgryter og flatbrødstabbar - like fram til gardskvernene tagna i midten av 1930-åra.

Men Skjørdøla fekk også vere med og bruke kreftene sine på meir moderne innretningar. I 1929 fekk sjukeheimen, som låg nede ved gravfeltet på Vang, bygd elektrisitetsverk, med ein generator som produserte 12 kilowatt. Som mange andre småkraftverk i Oppdal vart også dette bygd av brørne Ola og Reidar Rise. Dei konstruerte til og med turbinen.

XXIII. Gamle kongeveg

Vi kjem no inn på den gamle riksvegen, som var i bruk fram til 1862, da nyvegen Oppdal-Rennebu vart opna. Men kommunepolitikarane gjorde same året vedtak om at «Gammelveien maa ikke afhændes, indskrænkes eller afspærres», og kongevegen har vore bruka til lokal trafikk all tid sidan.

XXIV. Stølen skisenter

I løpet av noen få år har det vakse fram eit turistsenter i Stølgrenda, knytt til dei store skiheisanlegga her.

XXV. Eldste kongeveg

I gammel tid gjekk kongevegen her oppe i lia, sidan vart han flytta nedover. Denne vegstubben, som ein gong òg var pilegrimssti, er no verna kulturminne og idyllisk turveg.


XXVI. Stavåa

Her ved Stavåa stod det i mellomalderen eit kapell, som truleg vart bygd for å stå til teneste for pilegrimane. Enno rundt 1700 fanst det spor etter murar, og sokneprest Anders Bernhoft fortel at det her hadde vore lagt inn krykkjer, klede, dokker, myntar og kvistar samanbundne med tråd. Dette var truleg offergåver som folk i katolsk tid hadde lagt inn for å få Guds hjelp i sjukdom eller andre vanskelege situasjonar. Like ved kapellet skal det ha vore ei Olavs-kjelde.

No finst ingen spor etter kapellet. Men den lærde Gerhard Schøning, som reiste gjennom Oppdal kring midten av 1770-talet, fortel at det hadde stått «strax norden eller østen for Stafaa» og «tæt hos Veien». Sannsynlegvis stod det i bakken til venstre

for merkestolpen. Her skal det også ha vore gjort funn i seinare tid i samband med jordarbeid.

På 1800-talet vart det funne ein verdifull bronsealderskatt her ved Stavåa, frå ca. år 500 f.Kr. Dei fleste gjenstandane er vakre smykke: halsringar, armingar, hengesmykke, kjede - alt i bronse. Dette er eit av dei største funna frå bronsealderen som er gjort i Norge. Kanskje er det ein ferdamann som har vore forfølgd og har gøymt unna verdisakene - eller det er eit offer til høgare makter?




Bronsealderskatten frå Stavåa. (Foto: Per E. Fredriksen, Vitenskapsmuseet, NTNU.)

XXVII. Stuggu


Garden Fjetlid har vore knytt til ferdsla over Oppdalsskogen (skogstrekninga mellom Oppdal og Rennebu) frå gammal tid. I jordeboka til erkebiskop Aslak Bolt frå 1432 er han nemnd som «salustofa» med tillagt «inventarium». Namnet har også vore bruka i andre samanhengar, der garden er nemnd saman med Vang og fjellstuene på Dovrefjell. Alt tyder på at Fjetlid er same garden som seinare vart heitande Stuggu. I 1704 omtalar sorenskrivar Skaanlund garden «Fetlien, nu Stuen kaldet» i ei oppgåve over «Fieldmændernes Told paa Dovrefield».

Fjetlid kan ha vore eit viktig punkt i pilegrimsleia. Garden var næraste «sælestova» til Stavå-kapellet, og det er også sannsynleg at her ved Stavåa-Stuggu møttest pilegrimane som kom frå Østerdalen (over Skåråvangen) med dei som hadde følgd leia over Dovrefjell. Eit minne frå pilegrimstida er truleg eit jordstykke på Stuggu som blir kalla «Krossekra».

Garden Stuggu vart i nyare tid skysstasjon. Den låg her fram til 1860-åra, da vegen vart flytta ned til E6 går i dag - og stasjonen måtte følgje etter.



I 1826 reiste major Mathias W. Eckhoff gjennom Oppdal, og han laga da eit titals skisser (teikningar) med motiv frå bygda. Her ser vi «Stuen i Opdal». Kongevegen går gjennom tunet, eit skilt ved inngangen fortel at dette er ein skysstasjon.



Mange pilegrimar har vandra langs stien øvst i lia her. I dag er det store heisanlegg som set sitt preg på landskapet frå Vangslia til Stølen. Skiturismen spelar ei viktig rolle i det moderne Oppdals næringsliv og gir mange sysselsetting, både direkte og indirekte. (Foto: Fjellanger Widerøe AS.)

Oppi fjellom, Dovrefjellom,
 åpna Oppdal famninn vi'.
 Ne' frå fjellom, Dovrefjellom,
 susa Driva, kvit og stri.
 Li'inn kry tå gar'a grå,
 bekkjinn dansa lett på tå,
 roint om bøgda bærja blå
 søgje tongt i pellom.

(Første strofa i Oppdalssonginn, av Inge Volden.)

Takk for følget, og god tur vidare!